

Kontrollutvalet i Forsand kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom oppe
Dato:	29.04.2014
Tidspunkt:	Kl. 9.00
Møtenr:	2-2014

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
7/14	Godkjenning av protokoll frå møte den 30. januar 2014
8/14	Årsrekneskap m/årsmelding 2013 - Forsand kommune
9/14	Årsrekneskap m/årsmelding 2013 - Forsand Elverk KF
10/14	Skatterekneskapet for 2013 m/kontrollrapport frå Skatteetaten - Forsand kommune
11/14	Statusoversikt pr. april 2014

Ver grei å melde eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt. 414 46 180 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn.

Evt. saker merka (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Forsand, 23.04.2014

Inger Anita Merkesdal
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

7/14 Godkjenning av protokoll frå møte den 30. januar 2014

Arkivsak-dok. 13/00014-9
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2014	7/14

Protokollen frå møtet den 30. januar 2014, vart lagd fram for kontrollutvalet i Forsand til godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møte den 30. januar 2014

SANDNES, 05.03.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:
[Protokoll Kontrollutvalet i Forsand 30.01.2014](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake til innkalling](#)

8/14 Årsrekneskap m/årsmelding 2013 - Forsand kommune

Arkivsak-dok. 13/00113-9
 Arkivkode. 210
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
I Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2014	8/14

Bakgrunn

I følge forskrift om kontrollutval § 7 skal kontrollutvalet gje ein uttale om kommunen sin årsrekneskap til kommunestyret. Uttalen må gis slik at formannskapet kjenner til den før dei gir innstilling til kommunestyret om årsrekneskapen.

Etter forskriftas § 8 skal òg kontrollutvalet sjå til at revisjonen sine merknader til rekneskapen (i revisjonsberetning og årsoppgjersnotat) vert følgt opp.

Som tidlegare år er årsrekneskap og årsmelding sendt ut frå kommunen. Revisjonsberetning og revisjonen sitt årsoppgjersnotat ligg som vedlegg til denne saka.

Saksutgreiing

Det framlagte regnskapet for 2013 viser 144,81 mill kr til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 67.728,22

I årsmeldinga kommenterer rådmannen rekneskapen for 2013, der han mellom anna skriv: «*Driftsresultatet for Forsand kommune syner eit meirforbruk på nærare 2,0 mill. kroner. Det er ikkje tilfredsstillande. Eit av satsingsområda for 2014 er å sjå på korleis me kan få på plass ei betre økonomistyring. På nokre område er det store avvik mellom budsjett og rekneskap – med den konsekvens at det er eit stort meir- eller mindreforbruk på desse områda. Dette kan være teikn på manglande kvalitet i budsjettprosessen. Eg vil i 2014 leggja opp til ein budsjettprosess som sikrar at alle med budsjettansvar får eit bevisst forhold og eigarskap til eige budsjett.*»

Rådmannen og økonomisjefen er invitert til å orientere i møtet. Det vert elles vist til utsendte dokument og orientering gitt i møte.

Revisjonsberetning og andre merknader frå revisor.

Rogaland Revisjon IKS har gitt standard revisjonsberetning for 2013 med ein merknader (presiseringar) under andre forhold: «*Kommunen har ikke tilstrekkelig med skattetreksmidler på bundet bankkonto slik skattebetalingsloven § 5-12 krever. Forholdet innebærer også et brudd på kommunelovens § 52 om finansforvaltning.*»

Revisor har i sitt årsoppgjersnotat fylgjande kommentarar til årsrekneskapen og internkontrollen:

Forsand kommune har netto driftsresultat på 27,6 mill kr, kor det mellom anna ligg inne 1,2 mill kr meirverdiavgiftskompensasjon på investeringar og inntektsført premieavvik på 3,4 mill kr.

Kommunen har dårleg likviditet, der kortsiktig gjeld er mykje større enn kommunens likvider. Kommunen har ikkje avsett nok midlar på skattetrekkkonto. Dette er brot på både skattebetalingslova og kommunelova. Difor har revisor merknad i revisjonsmeldinga

I tilknytning til rekneskapen har revisor nokre mindre merknader.

Når det gjeld kommunens internkontroll peiker revisor m.a. på tilhøva knytt til manglande skattetrekkmidlar som det er gjort presisering om i revisjonsberetninga, og at kommunens likvidbeholdning derfor er for lav i forhold til drifta. Det vert og peika på at kommunen ikkje har bokført kalkulatoriske renter og avskrivningar slik som er føresett i forskrifta. Revisor kommenterer i tillegg ein del område der det er funne mindre/få feil som stort sett er retta opp i løpet av året.

Notatet saman med revisjonsberetning dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Av forhold som bør fylgjast opp er merknaden i revisjonsberetninga. Kontrollutvalet ber administrasjonen gje ei skriftleg tilbakemelding innan 2. september.

Kontrollutvalet må vurdere om det i tillegg er forhold i rekneskapet dei vil kommentera i si uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saken og orientering gitt i møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

- Kontrollutvalet i Forsand har ingen kommentarar til det framlagde årsrekneskapet ut over det som går fram av revisors oppgjersnotat og revisjonsberetning.
- Administrasjonen gir tilbakemelding til kontrollutvalet innan 2. september på korleis revisors presisering i revisjonsberetninga er følgt opp.

SANDNES, 26.02.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

Årsmelding 2013 Forsand kommune
Årsrekneskap 2013 Forsand kommune
Revisjonsberetning 2013 Forsand kommune
Årsoppgjersnotat 2013 frå Rogaland Revisjon

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake til innkalling](#)

9/14 Årsrekneskap m/årsmelding 2013 - Forsand Elverk KF

Arkivsak-dok. 13/00113-10
Arkivkode. 210
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2014	9/14

Bakgrunn

Forsand Elverk KF sitt rekneskap er ein del av kommunen sin årsrekneskap, men har i alle år vorte handsama i eigen sak i kontrollutvalet og kommunestyret.

Som kommunalt føretak er Forsand Elverk KF underlagt same tilsyn frå kontrollutvalet som kommunen. Kontrollutvalet har difor same rett til å knytte kommentarar til denne rekneskapen, som dei har til kommunerekneskapen.

Saksutgreiing

Rekneskapen til Forsand Elverk KF for 2013 visar netto driftsinntekter på 22,531 m ill. kr. Årsoverskot etter skatt er på kr. 4,082 mill. kr og er lågare enn budsjettet. Styret gir ei grundig forklaring på økonomien i årsmeldinga og årsrekneskapen, som ligg vedlagt.

Dagleg leiar Jarle Larsen og økonomileiar Solveig E. Larsen vil orientere om rekneskapen i møtet.

Revisjonsberetning og andre merknader frå revisor.

Revisor har gjeve ei standard revisjonsberetning for 2013 ut an merknadar. Det er ikkje eige årsoppgjersnotat for Forsand Elverk KF.

Det er ikkje merknader frå revisor som kontrollutvalet må følge opp. Kontrollutvalet kan likevel vurdere om det er forhold i regnskapet de vil kommenterer i si uttala til kommunestyret, basert på dokumenta i saken og orientering gitt i møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand har ingen kommentarar til det framlagde årsrekneskapet ut over det om går fram av revisjonsberetning 2013.

SANDNES, 26.02.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Revisjonsberetning Forsand Elverk KF 2013](#)
[Årsrapport 2013 - Forsand Elverk KF](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake til innkalling](#)

10/14 Skatterekneskapet for 2013 m/kontrollrapport frå Skatteetaten - Forsand kommune

Arkivsak-dok. 13/00100-8
 Arkivkode. 232
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2014	10/14

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke ”Årsrapport 2013” frå skatteoppkrevjaren i Forsand, og ”Kontrollrapport 2013 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Forsand kommune”, frå Skatteetaten (sjå vedlegg). Kontrollrapporten er sendt til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet.

I tråd med uttale frå Skattedirektoratet i 2004, vert skatterekneskapen lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret til orientering. Skatteoppkrevjar er invitert til å orientere i møtet.

Saksutgreiing

Skatterekneskapen for 2013 synar ein samla skatteinngang på 142,8 mill kr. Av dette er kommunen sin del av skatteinntektene 44,7 mill kr. Den kommunale skatteinngangen auka med 3,1 % i 2013.

Restansane var ved utgangen av 2013 på 1,85 mill kr. Dette er ein nedgang på 1,32 mill kr i høve til i fjor.

Det er gjennomført arbeidsgjevarkontroll på 3,2 % av arbeidsgjevarane i Forsand kommune.

Kontrollrapporten summerar opp de tilsyn som Skatteetaten har gjennomført i 2013, og gir kommentarar til det skatterekneskapen. Skatteetaten oppsummerar sin gjennomgang som fylgjer:

- *Det er ikkje avdekt vesentlege manglar i overordna internkontrollen.*
- *Rekneskapsføringa er i tråd med regelverket og gjer riktig uttrykk for skatteinngangen i året. .*
- *Innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansar er i samsvar med regelverket*
- *Arbeidsgjevarkontrollen er gjennomført i tråd med gjeldande regelverk og retningsliner, men ikkje i tilstrekkeleg omfang.*

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek skatterekneskapet for 2013 til orientering.

Saka vert oversend til kommunestyret til orientering.

SANDNES, 27.02.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen.pdf](#)
[Årsrapport for 2013 frå skatteoppkrevjaren i Forsand kommune](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake til innkalling](#)

11/14 Statusoversikt pr. april 2014

Arkivsak-dok. 13/00087-13
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	29.04.2014	11/14

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

I oversikta er det lagt opp til at rapportane som er bestilt men ikkje levert, vert levert i 2014. Om dette let seg gjere, avhenger av revisjonen sin kapasitet.

Det er ingen endringar til dette møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikten pr. april 2014 til orientering.](#)

SANDNES, 05.03.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sine saker pr. april 2014](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake til innkalling](#)